



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3258 - 16/32088

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

23.11.2016

## Oversending av søknad til uttale vedkomande mellombels anneks gbnr 193/2 Lindås

### OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE EKSTERNE

Saka gjeld søknad om dispensasjonar i frå LNF-føremålet i Kommuneplanen for oppføring av mellombels anneks.

Søknaden er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 og det er ikkje kome merknader til søknaden.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i eit uregulert området som i Kommuneplanens arealdel er sett av til LNF-føremål, samt dispensasjon i frå maks tillatte bruksareal for LNF-tomter

### VURDERING

Det søkjast om oppføring av eit mellombels anneks på tomta. Annekset har ei BYA på 40 kvm og BRA på 35,2 kvm. Det er planer om å etablere ny bustad på gbnr 193/10, og anneks skal nyttast som bustad frem til dette står klart. Det er ikkje kome inn søknad om ny bustad på gbnr 193/10 per dags dato. Gardsbruket er i dag i drift, garden nyttast til trening av hestar.

Omsøkte anneks rommer to soverom, eit opphaldsrom og eit bad, og det er opplyst i søknad at det skal instaleres vassklosett. Det er opplyst om at utslepp skal knyttast på eksisterande privat avlaupsanlegg knytt til tomta, men det er ikkje søkt utsleppsløyve for dette utsleppet.

Administrasjonen i kommunen er i denne saka negativ til å gje dispensasjon for oppføring av mellombels anneks. Det er i dispensasjonsøknad opplyst om at når eventuelt nytt bustadhus står klart vil annekset vert omdisponert til uthus knytt til garden. Dette er, slik administrasjonen vurderer det ei utilfreds løysing, da det opner opp for to bueiningar på permanent basis på garden. Så langt vi kan sjå er resipient jordbruksgrøft, med spreidning ut i grunnen. Ved å gje dispensasjon opner ein opp for to utslepp knytt til private avlaupsanlegget, og administrasjonen vurderer dette som ei dårleg løysing.

Som grunngeving går det mellomanna fram at ei dispensasjon for etablering av anneks vil styrke grunnlaget for busetning på garden, ved å gje rom for større familie og vitjar til garden.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Administrasjonen er positiv til bevaring og busetting av gardene i kommunen, men finn ikkje grunngeving tilstrekkeleg for å opne opp for to bueiningar på garden. Administrasjonen ber om ei uttale i saka knytt opp mot LNF-føremålet og særskilt landbruk. Bilete under syner garden og avmerka ca plassering av omsøkte anneks. Situasjonsskart ligger som vedlegg og syner faktisk plassering.



### **Veglova**

Dersom det skal etablerast ei ekstra bueining må det søkjast til Statens Vegvesen om utvida bruk av offentlig forvalta avkøyrsløp.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 193/2 Mundal øvre

Dispensasjonssøknad

Nabovarsel

Situasjonsplan

Teikningar

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen